

Referat frå årsmøte i vennelaget for Lensmannsgarden

Onsdag 14. mars 2018 kl 19.00 i Løestova

Det var 13 frammøtte.

Sak 1: Val av møteleiar

Leiar i styret, Kjetil Skrettingland vart vald til møteleiar.

Sak 2: Val av referent og personar til å signera referatet

Ruth Kristensen, referent og Eldar Odland og Astrid Skretting signera referatet.

Sak 3: Årsmelding

Kjetil les årsmeldinga utan merknad. Geir Egil informerte frå «Kultur i løa» arrangementa. Det har vore ulike tilbod.

Sak 4: Rekneskap

Odd gjorde greie for økonomien. Julekonserten ga ei god inntekt for vennelaget. Elles er økonomien god. Ingen kommentar til rekneskapen.

Sak 5: Arbeidsprogram for komande styreperiode

Kjetil refererte forslag til komande styreperioden. Heisen oppe i løa er 1. prioritert for å få permanent bruksløyve. Det blei diskutert om det er mogleg å ha ein kurskomité, til dømes til datakurs til kvardags bruk. Vennelaget spør kommunen om planen for våningshuset på garden.

Sak 6: Innkomne forslag

Det er ikkje kome inn nokre forslag til årsmøte.